

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 108/2001

av 28. september 2001

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 64/2001 av 19. juni 2001⁽¹⁾.
- 2) Kommissjonsvedtak 2000/49/EF av 6. desember 1999 om oppheving av vedtak 1999/356/EF og om særskilde vilkår for import av jordnøtter og visse produkt framstilte av jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XII etter nr. 54zd (kommisjonsdirektiv 1999/10/EF) i avtala skal nytt nr. 54ze lyde:

«54ze. **32000 D 0049**: Kommissjonsvedtak 2000/49/EF av 6. desember 1999 om oppheving av vedtak 1999/356/EF og om særskilde vilkår for import av jordnøtter og visse produkt framstilte av jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt (TEF L 19 av 25.1.2000, s. 46).»

Artikkel 2

Teksta til kommissjonsvedtak 2000/49/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEF L 238 av 6.9.2001, s. 8, og EØS-tillegget til TEF nr. 44 av 6.9.2001, s. 8.

⁽²⁾ TEF L 19 av 25.1.2000, s. 46.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. september 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 28. september 2001.

For EØS-komiteen
Formann

E. Bull

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.